

 Helse Førde	Ansvarsfordeling ved sjukmelding av pasient etter sjukehusbehandling		II-PAS-1		
			Dato 06.07.2015	Revisjon 1.00	Side 1 av 1
Pasientdokumentasjon/-rettar [1]	Utarbeidd av Praksiskonsulentar i Helse Førde		Godkjent av Fagrådet/Fagdirektør		

Føremål og omfang

Føremålet er å sikre at pasientar får naudsynt sjukmelding ved utskrivning frå spesialisthelsetenesta, gjeld for alle delar av spesialisthelsetenesta.

Prosedyra gjeld for lege med behandlingsansvar.

Framgangsmåte

Lege i spesialisthelsetenesta skal sørge for sjukmelding så lenge pasienten er under aktiv behandling der. Naudsynte opplysingar til NAV skal fyllast ut ved sjukmelding utover 8 veker.

Ved avslutta behandling skal pasienten få med seg naudsyn sjukmelding, i inntil 14 dagar framover. Vidare vurdering skal skje hjå fastlege.

Dersom behandlar ikkje har sjukmeldingsrett, skal dette ordnast av lege i behandlingsteamet ved avdelinga, berre unntaksvis bør denne oppgåva overlatast til fastlegen.

Ved eit klart delt oppfølgingsansvar mellom lege i spesialisthelsetenesta og fastlegen, må dette vere avklara i epikrise eller ved telefon, slik at pasienten ikkje står utan naudsyn sjukmelding.

Ved langvarig sjukmelding er fastlegane viktige aktørar, dei kjenner pasient og arbeidstilhøva best, og kan vurdere sjukmeldingslengde og grad. Dei må då få informasjon om behandlingsopplegg, forventa forløp og arbeidsevnevurdering, før pasienten kjem inn til oppfølgingstime hjå fastlegen.

Det er ikkje føremålstenleg å be pasient oppsøke fastlegen for sjukmelding utan at fastlegen har fått epikrise. Epikrise skal normalt være sendt fastlege før sjukmeldingsperioden utgår.